

Snart 100 smårollingar innom

10.03.2009



Fin gâve frå lokalbanken er no på plass i Gamleskulen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Etter berre 10 tysdagar i 2009 har det vore nesten 96 smårollingar innom Cafe TI-aren.
Det er med andre ord eitt gjennomsnitt på nesten 10.
Og det betyr igjen at tysdagskafeen held stillinga på nyåret som populær møteplass for uskedelingar som har små barn.**

Med omsyn til dei vaksne har 274 vore på tysdagsvisitt så langt i 2009 og det blir 27 i gjennomsnitt. Heller ikkje det er därleg, men det må vera grunn til å tru at besøket vil auka framover mot sommaren. Besøket denne tysdagen har vore 31 vaksne og 10 ungar.

Gamleskulen blir stadig rusta opp og tilbodet blir betre. Det siste positive tilskotet i så måte er eit rundt bord med fastmonterte stolar som den lokale banken har vore så raus å gje til Gamleskulen. Der kan dei små sitja og pusla med lego eller kva det måtte vera.

Av Ola Matti Mathisen